



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Løyve for Kipervika Eiendom AS til utfylling i sjø ved Kipervika (Sørsida) i Ålesund kommune

Løyvet er gjeve i medhald av *Lov om vern mot forureiningar og avfall* av 13.mars 1981 (forureiningslova) § 11 jf. Det er sett vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det òg føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ynskjer å gjere som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå **dags dato** og er gyldig fram til **31.12.2027**.

Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

| | |
|------------------------------------|---------------------------------------|
| Bedrift | Kipervika Eiendom AS |
| Lokalisering/gateadresse | - |
| Postadresse | Keiser Wilhelms gate 22, 6003 ÅLESUND |
| Org. nummer (bedrift) | 932 808 250 (høyrrer til 932 691 906) |
| Lokalitet for tiltaket | Kipervika (Sørsida) i Ålesund by |
| Koordinatar for tiltaket (UTM 32) | X: 353508, Y: 6929853 |
| Gards- og bruksnummer for tiltaket | - |
| Kommune tiltaket utførast i | Ålesund |

Statsforvaltarens referansar

| | | |
|------------------|-----------------|---------------------------|
| Løyvenummer | Anleggsnummer | Risikoklasse ¹ |
| 2024.0727.T | 1508.0544.01 | 4 |
| Løyve gitt: | Endringsnummer: | Sist endra: |
| 17.12.2024 | - | - |
| Arkiv: 2024/1097 | | |

Christian Dahl (e.f.)
underdirektør

Thomas Aurdal
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

¹ Miljømyndighetene sitt system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



Endringslogg

| Endringsnummer | Endringar av | Punkt | Kva endring som er gjort |
|----------------|--------------|-------|--------------------------|
| - | - | - | - |

1. Verkeområde for løyvet

Løyvet omfattar forureining i tilknytning til utfylling i sjø med massar ved Kipervika («Sørsida») i Ålesund kommune i tråd med gjeldande regulering og dispensasjonar. Løyvet omfattar massar som er reine og eigna til føremålet. Utfylling kan gjerast i tråd med gjeldande bestemningar etter plan- og bygningslova og med revidert søknad av 25.09.2024, der dei fylgjande måla er oppgitt: Hovudfylling på 165 800 m³ massar over eit areal på 14 700 m². Motfylling i sørvest på 24 350 m³ over 6 100 m². Omkøyringsveg på 25 000 m³ over 4 500 m². Motfylling til omkøyringsvegen på 7 700 m³ over 2 400 m². 30-50 cm tjukk sandpute mot forureining på 15 350 m³ over 30 700 m². Det omfattast òg forureining i tilknytning til etablering av mellombels kai i området, som vist på kart innsend 18.10.2024.

2. Generelle vilkår

- 2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden innsend 07.02.2024, med korrigeringar innsend i e-postar av 25.06.2024 og 25.09.2024, dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitenes vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Ved funn, eller mistanke om funn, av kulturminne undervegs i arbeidet skal arbeidet stansast og Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum kontaktast.

3. Internkontroll, beredskap og varsling

- 3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureinings situasjonen.



- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene.
- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.
- 3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.
- 3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som fylgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.
- 3.6 Støy frå utfyllingsarbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i rettleiaren "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging" (T-1442/2021). Det må kartleggast moglege støyulempar ved tiltaka og vurderast kva tiltak som kan settast i verk for å unngå uakseptabel støy. Det må etablerast varslingsrutinar og informasjon retta mot dei som kan verte mest påverka av støy frå arbeida.

4. Utfylling i sjø

- 4.1 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startast.
- 4.2 Tiltaket skal gjerast i tråd med avgrensa område som vist i kartvedlegg send på e-post til Statsforvaltaren 18.10.2024 og i tråd med gjeldande regulering og dispensasjonar.
- 4.3 Det skal nyttast metodar for tildekking (jf. vilkår 4.6) og utfylling som minimerer faren for spreining av forureining og partiklar. Etablering og fjerning av mellombels kai skal utførast skånsamt for å redusere spreining av forureining og partiklar, og skal ikkje føre til at det ligg igjen avfall.
- 4.4 Utfyllingsmassane skal ikkje overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarende tilstandsklasse II for sedimenter i samhøve med Miljødirektoratet sin rettleiar for klassifisering av metall og organiske miljøgifter i vatn, sediment og biota (M-608/2016). Massane skal samstundes ligge innanfor normverdiane fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1. Det er ikkje lov å



nytte reaktive bergartar. Massane skal vere eigna til føremålet. Det er ikkje lov å fylle ut med massar dersom hovudføremålet er å kvitte seg med massane.

- 4.5 Det må utførast tiltak etter behov for å redusere spreieing av sprengtrådrestar og anna avfall frå fyllmassane så mykje som mogleg. Tiltak kan vere utsortering i forkant av utfylling, bruk av lense /siltgardin eller oppsamling frå vassflata. Massar med høgt innhald av sprengtrådrestar eller anna avfall som kan spreie seg i vatnet skal ikkje nyttast til utfylling i sjø. Det skal nyttast sprengsteinmassar frå sprenging der det er nytta elektroniske tennarar for å redusere plastspreieing så mykje som mogleg.
- 4.6 Då tiltaksområdet består av forureina sediment, må tiltaksområdet dekkast med eit minst 30-50 centimeter tykt lag med reine massar som er eigna til føremålet før utfyllinga med sprengsteinmassar startast opp. Dette skal minimere faren for at forureina sediment på staden skal virvlast opp og spreieast under tiltaket i tillegg til å sikre forureina sjøbotn i eit langsiktig perspektiv i tråd med måla i *Renere fjord*-prosjektet. Det må vere utført representativ prøvetaking av alle massar som skal nyttast i tildekkingslaget for å sikre at dei tilfredsstiller krava i tildekkingsretteleiren M-411/2015 *Testprogram for tildekkingsmasser*. Tildekkingslaget må leggest ut slik at det dekker heile tiltaksområdet og til minimum 5-10 meter lenger ut enn grensa for fyllingsfoten, slik at det sikrast god overlapp med *Renere fjord*-prosjektet. Den delen av tildekkingslaget som plasserast utanfor fyllingsfoten må erosjonssikrast på forsvarleg vis slik at ikkje laget eroderer vekk før *Renere fjord*-prosjektet settast i verk. Erosjonssikringa skal etablerast på dei plassane der det ut i frå ei fagleg vurdering av djupne, straumtilhøve og påverknad frå båtpropellar er naudsynt for å halde på tildekkingslaget.
- 4.7 Alt utfyllingsarbeid skal utførast innanfor ein barriere (siltgardin eller sjeté) som effektivt motverkar spreieing av partiklar og miljøgifter ut frå anleggsområdet. Barrieren/siltgardinet skal dimensjonast og plasserast slik at det i størst mogleg grad hindrar spreieing av partiklar og miljøgifter ut frå arbeidsområdet. Det skal etablerast ein rutine for regelmessig kontroll av at barrieren er intakt, uskadd, ligg godt på plass og fungerer etter hensikta. Brukt siltgardin skal sendast til godkjend mottak når arbeidet er ferdig. Ved eventuelt arbeid i torskens gyte- og oppvekstperiode (jf. vilkår 4.8) skal det nyttast *dobbelt siltgardin* for ekstra sikring mot spreieing av miljøgifter og partiklar.
- 4.8 Utfylling i sjø skal av omsyn til borgundfjordtorskens gyte- og tidlege oppvekstperiode unngåast i perioden frå og med 1. januar til og med 15. juni i åra 2026 og 2027. I året 2025 kan det, dersom det er naudsynt for å sikre oppstart og tidleg framdrift av prosjektet, utførast tiltak i sjø innanfor denne perioden, men då med krav om dobbelt siltgardin, jf. vilkår 4.7, og med strengare krav til overvaking, jf. kap. 5 i løyvet.
- 4.9 Det må gjerast tiltak etter behov for å motverke støvdrift som kan vere til ulempe for naboar og dei som ferdast eller jobbar i området. Tiltak kan vere til dømes vatning eller tildekking av massar.



5. Kontroll og overvaking

- 5.1 Det skal gjennomførast kontroll og overvaking av tiltaksarbeidet etter eit kontroll- og måleprogram. Programmet og utføringa skal vere i tråd med Norsk Standard NS 9433:2017 *Turbiditetsovervåking av tiltak i vannforekomster*. Kontroll- og måleprogrammet skal inngå i verksemdas internkontrollsystem. Programmet skal vere tilstrekkeleg omfattande til å avdekke eventuell uakseptabel spreining av forureining i tilknytning til tiltaket. Overvakinga skal òg sikre at siltgardinet fungerer etter hensikta. Program for utføring av turbiditetsmålingar skal sendast til Statsforvaltaren i god tid før arbeidet startast opp. Programmet må ha med ei kartskisse som syner planlagd plassering av prøvestasjonar med grunningjeving.
- 5.2 Under anleggsperioden skal det kontinuerleg takast prøver/gjerast målingar av turbiditeten i vatnet på utsida av siltgardinet. Målestasjonane skal, jf. NS 9433, «plasseres i den retningen fra tiltaket og i den dybden der man forventer at partikkelspredningen er størst, eller der de gir resultater som er relevante for beskyttelse mot den belastningen som økt turbiditet vil medføre». Målarane skal flyttast dersom observasjonar og målingar syner at ein målar ikkje er plassert på eigna plass eller djupne. Målarane skal plasserast i hensiktsmessig avstand til siltgardinet og tiltaksområdet. I tillegg til ved hovudmålarane, skal det målast turbiditet ved minst ein referansestasjon i området som ikkje er påverka av anleggsarbeidet.
- 5.3 Ved overskriding av gjeldande grenseverdi (alarmgrense) for turbiditet utover ein periode av bestemt lengde, skal det settast i verk tiltak for å avklare årsakssamanhengen. Grenseverdien og varigheita av denne perioden skal vere skildra i kontroll- og måleprogrammet og vere basert på ei miljøfagleg vurdering. Ved eventuelt tiltaksarbeid i sjø i torskens gyte- og oppvekstperiode, jf. vilkår 4.8, skal grenseverdien vere på 10 NTU over bakgrunn/referansestasjon i 30 minuttar. Dersom overskridinga skyldast interne tilhøve, skal arbeidet stansast med ein gong og naudsynte tiltak gjennomførast. Prosessen kan ikkje starte opp før turbiditeten er nede på stabile nivå under grenseverdien. Rutinar og eventuelle tiltak skal skildrast i internkontrollen.
- 5.4 Det skal førast logg over resultat frå overvakinga, og over mengder og tidspunkt for utfylling av massar. Loggen skal som eit minimum òg innehalde eventuelle overskridingar og korrigerande tiltak. Loggen skal vere tilgjengeleg ved eventuelle tilsyn.

6. Rapportering

- 6.1 Eventuelle sedimentprøvar utført i tilknytning til prosjektet i Kipervika, og som ikkje allereie er registrert i databasen *Vannmiljø*, skal registrerast i databasen så snart som mogleg. På nettsida til databasen finnast rettleiing og ei oversikt over kva parameter som skal registrerast.
- 6.2 Det skal sendast ein sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:
- Ei kort skildring av tiltaket og utført arbeid



- Skildring av tiltaka som vart gjort for å motverke spreining av forureiningar, partiklar og avfall. Skildring av arbeidet med utlegging av sandpute, inkludert dokumentasjon på massane.
- Resultat frå turbiditetsmålingar
- Eventuelle overskridingar og korrigerande tiltak.